
Fra: Ingebjørg Jenssveen <Ingebjorg.Jenssveen@nord-fron.kommune.no>
Sendt: 27. september 2017 13:09
Til: Postmottak LMD
Emne: 17/12856 Høring - Endringer i reglene om nydyrking - Forbud mot nydyrking av myr- høyringsuttale frå Nord-Fron kommune
Vedlegg: Høyring - Endring i reglane om nydyrking - Forbud mot nydyrking av myr(378104)(1).pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Nord-Fron kommune

Dato : 27.09.2017
Vår ref. : 17/12856

Saksbeh. : Ingebjørg Jenssveen
Telefon : 61216196
E-post : post@nord-fron.kommune.no

Det kongelige Landbruks- og matdepartement



**Nord-Fron
kommune**

Nedregate 50
2640 Vinstra

T e l e f o n
61 21 61 00

T e l e f a k s
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

B a n k g i r o
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168



Høring - Endringer i reglene om nydyrking - Forbud mot nydyrking av myr- høyringsuttale frå Nord-Fron kommune

Vedlagt følger utskrift av saka.

Med helsing

Ingebjørg Jenssveen
landbrukskonsulent

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.

Vedlegg:

- Høyring - Endring i reglane om nydyrking - Forbod mot nydyrking av myr

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høring - Endring i reglane om nydyrking - Forbod mot nydyrking av myr

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker	088/17	20.09.2017

Saksbehandlar	Journalpost
Eldri Siem	17/11769

Vedlegg:

1. Høring - Endringer i reglane om nydyrking - Forbud mot nydyrking av myr
2. Høringsnotat
3. NIBIO Rapport Kunnskapsgrunnlag om nydyrking av myr
4. Tilleggsutredning knyttet til kostnadseffektivitet og klimaeffekter av forbud mot nydyrking av myr

Administrasjonssjefen legger saka fram for utval for landbruks,- utmarks- og miljø saker med slik

Innstilling:

Utval for landbruks,- utmarks- og miljø saker (LUM) gjev slik uttale til høring av endring av reglane om nydyrking – forbod mot dyrking av myr:

1.) - LUM ser omsynet til klima og klimagassar som svært viktig, men meiner at ein kan imøtekomme desse omsyna *utan* at det blir sett eit generelt forbod mot nydyrking av myr.

- LUM tilrår at det kan gjevast føresegner om særleg aktsemd i samband med godkjenning av plan for nydyrking som omfattar myrjord.

Grunngjeving for uttale er at eit generelt forbod mot nydyrking av myr kan føre til store økonomiske og driftsmessige konsekvensar for einskilde grunneigarar. Eit forbod mot dyrking av myr vil kunne gje utilsikta konsekvensar spesielt for grunneigarar som har avgrensa arealressursar.

2.) LUM syner til at LMD ber høyringsinstansane om attendemelding i høve til kva for kriterier som bør liggje til grunn dersom ein skal gje dispensasjon frå forbodet mot nydyrking av myr.

Utvalet har følgjande moment som bør inngå i vurderinga:

- Andel (areal og djubde) myrjord av det totale dyrkingsfeltet.
- Moglege nye nydyrkingsmetodar som reduserer utslepp av klimagassar.
- Arrondering, med tanke på å få samanhengande dyrkingsfelt.
-

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker 20.09.2017:

Behandling i møte:

Administrasjonen orienterte om saka.

Ola Aspeslåen la fram forslag til redaksjonell endring i innstillinga ved å ta inn dei konkrete punkta som er lista opp på side 14 i pkt 2 i innstillinga:

- kor djup myra er- kva for «jord»/masse som er under myra/myrlaget- storleiken på myra (dvs. er det store område med myr som skal dyrkast opp eller utgjør myrområdet berre ein avgrensa del av dyrkingsprosjektet) - moglege nye nydyrkingsmetodar som reduserer utslepp av klimagasser- at det i planen for godkjenning av nydyrking blir lagt til rette for god arrondering av dyrkingsfeltet og at ein reduserer/unngår ev. driftsvanskar m.m.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga elles vart samrøystes vedteke

LUM- 088/17 Vedtak:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker (LUM) gjev slik uttale til høyring av endring av reglane om nydyrking – forbod mot dyrking av myr:1.) - LUM ser omsynet til klima og klimagassar som svært viktig, men meiner at ein kan imøtekomme desse omsyna utan at det blir sett eit generelt forbod mot nydyrking av myr.- LUM tilrår at det kan gjevast føresegner om særleg aktsemd i samband med godkjenning av plan for nydyrking som omfattar myrjord. Grunngeving for uttale er at eit generelt forbod mot nydyrking av myr kan føre til store økonomiske og driftsmessige konsekvensar for einskilde grunneigarar. Eit forbod mot dyrking av myr vil kunne gje utilsikta konsekvensar spesielt for grunneigarar som har avgrensa arealressursar. 2.) LUM syner til at LMD ber høyringsinstansane om attendemelding i høve til kva for kriterier som bør liggje til grunn dersom ein skal gje dispensasjon frå forbodet mot nydyrking av myr. Utvalet har følgjande moment som bør inngå i vurderinga:

- kor djup myra er
- kva for «jord»/masse som er under myra/myrlaget
- storleiken på myra (dvs. er det store område med myr som skal dyrkast opp eller utgjør myrområdet berre ein avgrensa del av dyrkingsprosjektet)
- moglege nye nydyrkingsmetodar som reduserer utslepp av klimagassar
- at det i planen for godkjenning av nydyrking blir lagt til rette for god arrondering av dyrkingsfeltet og at ein reduserer/unngår ev. driftsvanskar m.m. - moglege nye nydyrkingsmetodar som reduserer utslepp av klimagassar.

Samrøystes som innstillinga med endringsforslaget.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt ut på høyring forslag til endring av Lov om jord (LOV-1995-05-12-23) § 11 andre ledd. Departementet foreslår også endringar i forskrift om nydyrking (FOR-1997-05-02-423).

Endringane i jordlova inneber at heimelsgrunnlaget for å kunne gje forskrift om nydyrking blir utvida frå å «unngå skade på natur- og kulturlandskap» til også å omfatte omsynet til *klima*. Endringane i nydyrkingsforskrifta går i hovudsak ut på at det blir innført eit forbod mot nydyrking av myr med utgangspunkt i omsyn til klima. Det er òg forslag om tilgang til å kunne *dispensere* frå forbodet i *særlege tilfelle*.

Høyringsforslaget er ei oppfølging av m.a. klimaforliket i Stortinget frå 2012.

I høyringsnotatet frå LMD juli 2017 blir det opplyst at all nydyrking frigjev klimagassar som følgje av at jordmasse som ligg djupt blir eksponert for luft. Omfanget av utslepp av klimagassar er avhengig av kva slags areal som blir nydyrka og kva nydyrkingsmetode som blir brukt.

Vidare står det at dyrking av «myrarealer innebærer relativt store utslepp av klimagassar sammenlignet med andre arealer bestående av mineraljord. Redusert vannstand ved drenering av myrarealer øker tilgangen på oksygen slik at torven raskere brytes ned og karbonet i torven slippes ut som CO₂ til atmosfæren.»

Utslepp av klimagassar som følgje av nydyrking har hatt auka merksemd dei seinare åra, og Stortinget har lagt føringar for korleis reglane bør endrast for å bidra til reduksjon i utslepp av klimagassar.

Klimaforliket frå 2012 vart inngått i samband med Stortinget si behandling av Meld.St. 21 (2011-2012) *Norsk klimapolitikk*. Klimaforliket legg m.a. til grunn at nydyrkingsforskrifta skal reviderast slik at omsynet til klima blir synleggjort i regelverket. I Meld.St. 21 (2011-2012) *Norsk klimapolitikk* går det fram at:

«Regjeringen vil:

- Revidere forskriften om nydyrking slik at også hensynet til klima blir gjenspeilet, jf. Meld. St. 9 (2011-2012).»

Klimaforliket omtalar ikkje nydyrking av myr spesielt, og forliket legg heller ingen ytterlegare føringar for innhaldet i revisjonsarbeidet.

I Meld.St. 9 (2011-2012) *Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords* blir det synt til at *35% av det dyrkbare arealet er myr*. Vidare står det i meldinga at oppdyrking gjev utslepp av klimagassar og at myr i ein del lågareliggjande område er viktig for å bevare naturmangfaldet. Vidare blir det i landbruksmeldinga peikt på at myr i ein del tilfelle er det einaste alternativet den einskilde grunneigar har for å utvide sitt produksjonspotensiale. Det blir vidare påpeikt at nydyrkingspotensialet likevel er stort, men da fyrst og fremst i mindre produktive område.

KOSTRA (Kommune –Stat-Rapportering) syner at tal daa godkjent for nydyrking pr. år sidan 1997 har auka, og at det i 2016 vart godkjent i overkant av 21.500 daa.

Høyringsnotatet syner òg at godkjent areal for nydyrking i perioden 2011-2015 er størst høvesvis i fylka Hedmark, Oppland og Rogaland.

Departementet meiner forbodet bør innehalde ei moglegheit til å gje dispensasjon, og foreslår at det skal kunne tillatast å dyrke myr i særskilte tilfelle. Departementet ber om attendemelding frå høyringsinstansane når det gjeld kva for kriterium som bør liggje til grunn i samband med ei slik vurdering.

Høyringsfristen er sett til den 11.oktober 2017.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Rådmannsleiinga ser omsynet til klima og klimagassar som særskilt viktig. Med klimagassar er det i høyringa hovudfokus på karbondioksid, lystgass og metan.

I følgje arealbarometer for Nord-Fron (skog + landskap) går det fram at kommunen har eit jordbruksareal på om lag 43.000 daa. Den dyrkbare jorda i kommunen utgjer i overkant av 84.000 daa, der det dyrkbare arealet hovudsakleg (82 %) ligg i klimasone som er marginal for grovfôr dyrking. 87 % av den dyrkbare jorda er mineraljord og 13 % er organisk jord eller myrjord (dvs. om lag 11.000 daa). Ein vil i denne samanhengen òg påpeike at ein stor del av dei dyrkingsplanane som kjem til godkjenning i kommunen, omfattar lite eller ikkje mark som er klassifisert som dyrkbar jord.

Definisjon av myr går fram av AR5 – detaljert arealressurskart: *Med myr menes arealer med myrvegetasjon og minst 30 cm tykt torvlag.* Denne definisjonen er lagt til grunn i forslag om endring av reglane om nydyrking.

Nydyrking er eit søknadspliktig tiltak. I samband med godkjenning av plan for nydyrking skal kommunen vurdere korleis ei ev. nydyrking vil kunne påverke natur- og kulturlandskapsverdiar på omsøkt areal, og kva for ev. påverknader ei nydyrking kan ha på areal som grensar inntil. Driftsmessig gode løysingar og moglegheita for å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga skal òg vektleggjast. Søknad om godkjenning av plan for nydyrking blir sendt på naudsynt høyring og regelmessig til fylkesmannen, kulturminneforvaltninga i fylket og skogoppsynet ev. andre instansar som kan vere relevante. Kvar einskild søknad er gjenstand for grundige vurderingar ikkje minst i høve til naturmangfaldslova jf. §7 og §§ 8-12. Mellom anna opplysningar henta frå Naturbase og Artsdata er lagt til grunn for vurderingane. Dersom det blir gjort funn av kulturminne eller t.d. raudlisteartar, talar det for at planen ikkje blir godkjent eller at han blir endra.

I høyringsforslaget er det lagt opp til eit generelt forbod mot nydyrking av myr. Noko som vil kunne føre til betydelege økonomiske og driftmessige konsekvensar, og da særskilt for grunneigarar som har avgrensa arealressursar.

I behandling av søknader om godkjenning av plan for nydyrking ser ein ofte tilfelle av at ønskt nydyrkingsareal, som er godt eigna areal for nydyrking, blir delt opp av myrområde. Eit generelt forbod vil i slike tilfelle kunne gje monalege driftsmessige vanskar. I andre saker ser ein at det som er definert som myr, utgjer eit mindre / avgrensa areal av det som er planlagt dyrka opp, men at det likevel kan vere viktig å få dyrka med tanke på god arrondering av jordbruksarealet.

Det er i forslaget ikkje skilt mellom grunn og djup myr (myr/myrområde som har ein gjennomsnittsdjupde på meir enn 1 meter). Ein vurderer difor høyringsforslaget om eit generelt forbod mot nydyrking av myr som lite nyansert.

Basert på erfaringar over år der det har kome til dels store nedbørsmengder på kort tid, bør myr/myrjord sin bufferevne til å ta imot nedbør nemnast, dette òg som ein viktig faktor i forhold til flaum og skred. Forholdet bør difor vurderast ift. plan for nydyrking.

Sjølv om høyringsforslaget opnar for at det i særskilte tilfelle skal kunne gjevast dispensasjon frå forbodet, vil eit generelt forbod mot nydyrking av myr kunne føre til store konsekvensar for einsskilte grunneigarar dersom store delar av potensialet for nydyrking på eigedomen er myr. Høyringsforslaget vil gripe inn i eigar sin råderett over eigedomen og grunneigarane si moglegheit for å vidareutvikle driftsgrunnlaget på landbrukseigedomen.

Metodar for nydyrking av myr er i endring, og slik ein forstår er/blir det nå utvikla nydyrkingsmetodar som gjev lite utslepp av klimagassar.

Tilbake i tid har det vore gjennomført ei betydeleg oppdyrking av myr, og kommunen har relativt store dyrkingsfelt som opphavleg var myrområde.

Mykje av nydyrkingspotensialet i kommunen, eller som av NIBIO er rekna som lett dyrkbart, ligg i fjellet. På grunn av kostnaden med oppdyrking og framtidige utgifter til transport kan slike areal vere mindre relevant for oppdyrking nå, men dette er føresetnader som kan endrast over tid.

Nord-Fron kommune har eige landbruksfond som gjev eit tilskot på kr. 2.000,- pr. daa og inntil kr. 40.000 pr. år til oppdyrking. Ein meiner at tilskotet bidreg til å stimulere til auka nydyrking i kommunen. Det er ei målsetting å auke matproduksjonen i Norge og nydyrking er eit effektivt tiltak. Jf. arealbarometer for Nord-Fron har kommunen i overkant av 12.200 daa dyrkbar jord som er godt eigna for grovfôrdyrking. Nydyrking bidreg til å kompensere for at jordbruksareal blir omdisponert eller går ut av drift. Dyrking av myr er som regel meir kostnadskrevjande og gjev ofte dårlegare sluttresultat enn oppdyrking av meir opplendte areal. Ein ser likevel eit stort dyrkingspotensiale i myrareal.

Som tidlegare nemnt meiner departementet at forbodet bør innehalde ei moglegheit for å kunne gje dispensasjon, og ber høyringspartane om attendemelding på kriterium som bør liggje til grunn i samband med ei slik vurdering. Ein meiner at i ei slik vurdering må det leggjast til grunn:

- kor djup myra er
- kva for «jord»/masse som er under myra/myrlaget
- storleiken på myra (dvs. er det store område med myr som skal dyrkast opp eller utgjer myrområdet berre ein avgrensa del av dyrkingsprosjektet)
- nydyrkingsmetode
- at det i planen for godkjenning av nydyrking blir lagt til rette for god arrondering av dyrkingsfeltet og at ein reduserer/unngår ev. driftsvanskar m.m.

Etter ei samla vurdering vil ein tilrå at i staden for å innføre eit generelt forbod mot nydyrking av myr, kan forskrift om nydyrking endrast til å gje føresegner om at søknader om godkjenning av plan for nydyrking, som omfattar nydyrking av myr, skal vurderast med særskildt omsorg. Det kan setjast eigne kriterium for ev. godkjenning av plan for nydyrking som inneheld myr.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu